

Sjå føre deg at du arbeider med ein pasient med demens, kva utfordringar vil du kunne møte i desse situasjonane?

Korleis ønsker du å kommunisere med pasientar med demens og/eller psykiske sjukdommar?

Korleis kan du opptre profesjonelt og tillitsvekkande som helsearbeidar?

Kvifor er teieplikta viktig?

Nemn nokre situasjonar der du arbeider med andre yrkesgrupper – kvifor er det viktig å kunne samarbeide på tvers av fag?

Lag ei oversikt over arbeidsoppgåver du har gjort som du tenker er relevante for dette studiet.

Motivasjon

Kvifor ønsker du å ta denne utdanninga? Kva er motivasjonen din?

Kvifor tenker du at det er nødvendig å lære meir om eldre med demens og psykiske sjukdommar?

Kvifor er du ein ressurs på arbeidsplassen din, og korleis vil du nytte det du vil lære i utdanninga i ein arbeidssituasjon?

Treng du hjelp?

Dersom du har behov for rettleiing i samband med utfylling av skjemaet, så hjelper vi deg gjerne. Du kan kontakte oss på e-post: fagskulenvestland@vlfk.no.

Skjemaet er utfylt – kva no?

- Når skjemaet er ferdig utfylt, lagrar du det på PC-en din og **lastar det opp i søknaden din i Samordna opptak**. Der skal du også legge saman med annan dokumentasjon som arbeidsattestar, tenestebevis, stadfestingar, vitnemål, kompetansebevis, kursbevis og liknande.
- Merk vedlegga med tydelege beskrivande namn. Til dømes:
 - Vitnemål - ditt namn
 - Skjema for eigenvurdering – ditt namn
 - Arbeidsattest – arbeidsstad – ditt namn
- Vi vil kontakta deg dersom vi ser behov for ein fagsamtale.

Dato: _____

Signatur: _____